

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
048/14	Formannskapet	PS	15.05.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Sætre	FA - U63	14/1736

## Søknad om serverings- og skjenkeløyve, Utenricks drift as

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

***I medhald av serveringslova §§ 3,4, 5 og 6 og alkohollova §§ 1-4b, 1-7a 1-7b, 1-7c, 4-2,4-3 og 4-4 gir kommunestyret serverings- og skjenkeløyve med følgjande spesifikasjon:***

Tidsrom for skjenkeløyve: 19.05.2014–30.06.2016

Serveringsløyve: ikkje tidsavgrensa

Løyvehaver: Utenricks drift as, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø –org.nr. 912 800 709

Styrar for serverings- og skjenkeløyve: Hashem Baroud, f. 18.02.89, Fantoftvegen 14, postboks 1034, 5095 Bergen

Avløyсар for styrar skjenkeløyve: Maren Brufbot Slettevold Jensen, f. 22.09.81, Håstølen 30, 5918 Frekhaug

Dagleg leiar for serveringsløyvet: Hashem Baroud, f. 18.02.89, Fantoftvegen 14, postboks 1034, 5095 Bergen

Serveringsstad: Utenricks drift

Alkoholvarer: Innandørs skjenkeareal: All alkoholhaldig drikk

Utandørs skjenkeareal: All alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.

Omfang: Alminneleg

Type verksemd: Spisestad.

Serverings- og skjenkeareal:

- Hovudrestaurant/bar: 96.5 kvm. –54 sitteplassar.
- Annan restaurant/bar : 47.5 kvm. –24 sitteplassar
- Utandørs skjenkeareal på terasse mellom "Loftet" og glasstaket – Knarvik Senter, areal 49.5 kvm., med sitteplass til 32 personar.
- måtilfredsstillende krava om framkommelegheit og trafikkale forhold og avgrensing av skjenkearealet, som er presisert i kommunens gjeldande alkoholpolitiske plan , jfr. pkt. II-2.252 og 2.253.

Skjenketid i samsvar med gjeldandeforskrift om skjenke- og opningstider i Lindås kommune .

Opningstid for serveringsløyve: frå kl. 0900 –kl. 0200.

Brannikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Mattilsynet må godkjenne drifta.

Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for løyvegevar – som kan ha konsekvens – i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.

### **Klage**

Kommunens einskildvedtak etter alkoholova kap. 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkoholova §1-16.

Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål.

Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretningom klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§435 og 437.

## **Formannskapet - 048/14**

### **FO - behandling:**

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Saka vert utsett til neste møte i formannskapet 22.mai

Framlegget fekk 2 røyster og fall (N.Øvreås-Frp og B.Vatnøy-Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FO - vedtak:**

***I medhald av serveringslova §§ 3,4, 5 og 6 og alkoholova §§ 1-4b, 1-7a 1-7b, 1-7c, 4-2,4-3 og 4-4 gir kommunestyret serverings- og skjenkeløyve med følgjande spesifisering:***

Tidsrom for skjenkeløyve: 19.05.2014–30.06.2016

Serveringsløyve: ikkje tidsavgrensa

Løyveharar: Utenricks drift as, Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø –org.nr. 912 800 709

Styrrar for serverings- og skjenkeløyve: Hashem Baroud, f. 18.02.89, Fantoftvegen 14, postboks 1034, 5095 Bergen

Avløyssar for styrrar skjenkeløyve: Maren Bruflot Slettevold Jensen, f. 22.09.81, Håstølen 30, 5918 Frekhaug

Dagleg leiar for serveringsløyvet: Hashem Baroud, f. 18.02.89, Fantoftvegen 14, postboks 1034, 5095 Bergen

Serveringsstad: Utenricks drift

Alkoholvarer: Innandørs skjenkeareal: All alkoholhaldig drikk

Utandørs skjenkeareal: All alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent.

Omfang: Alminneleg

Type verksemd: Spisestad.

Serverings- og skjenkeareal:

- Hovudrestaurant/bar: 96.5 kvm. –54 sitteplassar.
- Annan restaurant/bar : 47.5 kvm. –24 sitteplassar
- Utandørs skjenkeareal på terrasse mellom "Loftet" og glasstaket – Knarvik Senter, areal 49.5 kvm., med sitteplass til 32 personar.
- måtilfredsstillende krava om framkommelegheit og trafikkale forhold og avgrensing av skjenkearealet, som er presisert i kommunens gjeldande alkoholpolitiske plan , jfr. pkt. II-2.252 og 2.253.

Skjenketid i samsvar med gjeldandeforskrift om skjenke- og opningstider i Lindås kommune .

Opningstid for serveringsløyve: frå kl. 0900 –kl. 0200.

Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.

Mattilsynet må godkjenne drifta.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for løyvegevar – som kan ha konsekvens – i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området.

### **Klage**

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova §1-16.

Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål.

Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretningom klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§435 og 437.

### **Saksopplysningar: Politisk handsaming**

Saka skal til avgjerd i formannskapet.

Saksdokument ikkje vedlagt:

1. Søknad av 17.02.2014 frå Utenricks drift as om serverings- og skjenkeløyve.
2. Kommunens alkoholpolitiske plan
3. Rundskriv IS-2008 Håndbok i alkohollova m.v.
4. Serveringslova

### **Saksutgreiing**

Catering Planet as har den 20.02.2014 avtalt å overdra restaurantdrifta i Knarvik senter, med adresse Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø, til Utenricks drift as. Overdraginga er frå same dato.

Verksemda kan halde fram på det tidlegare løyvet i inntil 4 månader, jfr. alkohollova § 1-10.

Det er søkt om vilkår, identisk med dei som er gitt i det tidlegare skjenkeløyvet.

Ifølgje alkohollova § 1.4a.3 «Særleg om forholdet mellom skjenke- og serveringsbevilling» må ein skjenkestad som hovudregel ha serveringsløyve for å kunne utøve sitt skjenkeløyve.

Det er berre skjenkeløyve etter alkohollova som gir høve til å skjenke alkoholhaldig drikk.

Serveringslova gjeld etablering og drift av serveringsstad de det blir servert mat og/eller drikke og der forholda ligg til rette for fortæring på staden.

Alkohollova og serveringslova er ulike på ein del område som t.d.:

- Ifølgje alkohollova § 1.6.2 kan skjenkeløyve bli gitt for ein periode på inntil 4 år, likevel maksimalt ut kommunestyreperioden. Serveringslova er ikkje tidsavgrensa.
- Opningstida for skjenking er regulert i alkohollova. Dei nasjonale reglane om normalopningstid for serveringsstader er oppheva frå 01.01.2009. For serveringsstader er det fri opningstid, med mindre kommunen har vedteke lokale forskrifter. Lindås kommune har ikkje gjort dette. Difor er søkjars ønske om opningstid for servering lagt til grunn.
- Alkohollova § 1-7c stiller krav om at det for kvart skjenkeløyve skal vere styrar med avløyssar. Serveringslova § 4 krev at det skal vere ein dagleg leiar for serveringsstaden. Det er ikkje krav om avløyssar.

Eigarar av Utenricks Drift as:

- Bjørn Raunehaug, f. 06.03.62, Rishaugane 25, 5911 Alversund – 75% eigarandel
- Magne Strand, f. 03.08.76, Kvassnesvegen 47, 5914 Isdalsø – 25% eigarandel.

### **Uttale**

Det er innhenta uttale frå sosialtenesta, politiet, skatteetaten og skatteoppkrevjarar: ingen merknader til søknaden.

### **Vurdering:**

Ingen av dei instansar som har uttalt seg har merknader til søknaden om fornying av skjenkeløyvet. Styrar for skjenkeløyvet og dagleg leiar for serveringløyvet har bestått etablerarprøven etter serveringslova og kunnskapsprøven alkohol, skjenking. Avløyssar for skjenkeløyvet har bestått kunnskapsprøva om alkoholloven, skjenking. Dei lovfesta krava til kvalifikasjonar er med dette innfridd. Rådmannen rår til at søknaden blir innvilga.